

## *Referat frå møte i Strandebarm sokneråd*

**Møte 5 / 2023**

**Stad: Strandebarm kyrkjelydshus**

**Tid: Tysdag 9.mai 2023 kl. 1800**

**Møtte:**

Kåre Milje, Åse Sandnes Fosse, Bodil Stranden, sokneprest Vetle Karlsen Eide, Anne Marie B Berge, Torunn Baldersheim, Lillian Hjartåker Fosse, Siv Ljones

**Forfall :** Olav Tombre, Anne-Kristin Fosse, Inger Ljones Måkestad

**Sakliste:**

**Ord for dagen v/ Vetle**

Dagens ord frå Bibelselskapet: Matt. 7: «Be så skal de få». Kor ofte går me ut med frimodighet og ber? Når bønene våre vert høyrde, eller ikkje: Kva gjer det med oss?

**Sak 24/23 Orienteringar frå sokn og fellesråd**

-Kåre og Vetle opplyste at rekneskapet for 2022 framleis ikkje er ferdig, men at fungerande kyrkjevevjerje Olav Skeie Lid rekna med det det snart er klart.

-På fasteaksjonen kom det inn 14.549 kr i kontantar, og 7.500 kr på VIPPS, totalt 21.954 kr

-Årsmeldinga for 2022: Merknad frå Inger Karin Tordal ved kyrkjekontoret: Det har ikkje vore Krølletreff dette året. I årsmeldinga kan det tilføyast at det har vore eit opplegg «Englevandring» i barnehagen.

-Informasjon om trusopplæringstiltak kan trusopplærarane gi etter førespunad.

Dei tilsette som har desse oppgåvene, kan delta på eit soknerådsmøte. Dette kan eventuelt venta til nytt sokneråd.

**Vedtak:** Kåre snakkar med Olav Skeie Lid om endring i årsmeldinga.

Sundag 18.juni kl 11 er 6-åringar med på gudstenesta og får «skulestart.bok.

Torsdag 15.juni kl. 17-18.30 er det samling i kyrkja/kyrkjelydshuset, og trusopplærar

Bryna Opdal ynskjer at 2 personar vert med på denne samlinga. Torunn Baldersheim tar direkte kontakt med Bryna. Ansvar for trusopplæring i soknerådet er Lina Berge (kontaktperson), Lillian Fosse og Torunn

**Sak 25/23 Soknerådsvalet 2023**

Informasjon om valet og vallista

Ein person har trekt seg. Det er 8 kandidatar på lista. Lista ligg no ute på kyrkja si nettside.

Kyrkjekontoret bestiller stemmelokale og nødvendig informasjon.

I Strandebarm vert det bare førehandsrøysting på aldersheimen.

**Sak 26/23 Ytre Arna sokneråd på besøk 18.juni**

Dei ynskjer litt informasjon om kyrkja før gudstenesta, men soknerådet ynskjer at dette skal vera rett etter gudstenesta.

**Vedtak:** Kåre har kontakt med Arna sokneråd.

Kåre snakkar med Leidolv Berge om han kan bidra med info under kyrkjekaffien.

Kåre informerer kyrkjekontoret så desse opplysningane kjem med på lysinga for gudstenesta og på plakatane.

**Sak 27/23 Konfirmant-jubileum 2023  
50 – 60 - 65 – 70 – 75-års konfirmantane**

Soknerådet får lista frå kyrkjekontoret og går gjennom desse for eventuelle endringar.

**Vedtak:** Konfirmantjubileet blir søndag 3.september. På denne gudstenesta vert også dei nye konfirmantane presenterte

Kåre kontaktar kyrkjekontoret vedrørende lister.

Påmelding må vera før sommarferien.

**Sak 29/23 Pinsevandring 2. pinsedag**

I 2022 bidrog Svein Rosseland med fleire med felespelning. Dette var svært vellukka

**Vedtak:** Bodil kontaktar svein Rosseland og Margunn Mikkelsen Tordal om å bidra med tonefylje og musikkinnslag.

Anne Marie spør Torill og Lars Gjerde om å vera med på turen og bistå Vetle undervegs og med klokketårnet.

**Sak 30 /23 Gudstenesteliste hausten 2023**

- 17.09 vert biskop Ragnhild Jepsen med på gudstenesta. Denne helga har Fosse-stiftinga «dialekt-festival» og dei har tatt initiativ for at biskopen deltek

-Minnegudstenesta er flytta frå nyttårsafta til helgemessesundag 5.nov. Informasjon om endringa bør koma i kyrkjebladet.

**Vedtak:** Kåre informerer kyrkjebladet ved Olav Skeie Lid om endringa.

- Anne Marie lagar utkast til gudstenesteliste

**Sak 28/23 Ymse**

Takk til alle som var med på dugnaden

Takk til alle som var med på konfirmasjonsfesten

Gode tilbakemeldingar frå folk som var tilstades på konfirmasjonsgudstenesta

Det må vera meir enn ein parkeringsvakt

Det kjem ut eit siste Strandebarm kyrkjeblad med bilete av konfirmantane. Kyrkjeblad for Kvam vil få ny framside ved overgang til eit felles kyrkjeblad

Innspel

-å invitera dronning Sonja til Strandebarm i samarbeid med Fosse-stiftinga

-Det kjem flyktningar til Strandebarm. Kven ynskjer dei velkomne til bygda og hjelper dei til å bli inkluderte? Kan soknerådet gjera noko?

-

**Neste AU-møte:**                    **tysdag 6.juni kl. 16.15 i Kyrkjelydshuset**  
**Neste Soknerådsmøte:**        **i byrjinga av august**

Åse /Anne Marie  
Ref.